

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 Frekhaug

MELAND KOMMUNE

20 DES. 2013

Inr. 14/32 Saksh. HEK
Ark. 391 Ark.del RM
Saksid. 13/1738-5

Ver venleg og distribuer brevet til:

Mottakar:

Ordfører
Rådmann

Kopi til:

Flyktningtenesta i kommunen

DERES REF

VÅR REF

Raa-11-01269-10

DATO

17.12.2013

Busetting av flyktningar i Meland kommune

Oppmoding om busetting av flyktningar i perioden 2014-2016

IMDi Vest syner til oppmodingsbrev til Meland kommune datert 02.05.13 om å busette 25 flyktningar i 2014 og 25 flyktningar per år i 2015 og 2016. Vi har registrert at dykkar kommune har fatta vedtak om å busette 10 flyktningar i 2014 og likeins i 2015 og 2016.

Meir enn 5 000 flyktningar med innvilga opphaldsløyve sit no i asylmottak og ventar på ein kommune å busette seg i. Dette er fleire enn nokon gong. Auka busetting er naudsynt for å hindre at talet på personar som ventar på busetting i asylmottak aukar ytterligare. Det er også naudsynt for å unngå lang ventetid for flyktningane. Regjeringa, ved Barne-, Likestilling- og Inkluderingsdepartementet og Kommunal- og Regionaldepartementet, og KS har sendt brev til alle landets kommunar i slutten av november 2013. I brevet vert det høge talet på busettingsklare flyktningar i mottak synleggjort, og at det er behov for å auke busettingskapasiteten i kommunane.

På bakgrunn av dette ber vi Meland kommune om å revurdere sitt vedtak og fatte vedtak i tråd med oppmodinga frå IMDi.

Plan for busetting av flyktningar i Meland kommune i 2014

IMDi Vest ser fram til samarbeidet om å gjennomføring busetting av det talet som Meland kommune har vedtak om å busette.

Målet er at flyktningar skal busettast i ein kommune innan 6 månader etter vedtak om opphaldsløyve. For einslege mindreårige og barnefamiljar er målet busetting innan 3 månader etter vedtak om opphaldsløyve. Av omsyn til gjensidig forutsigbarheit i samarbeidet mellom IMDi og kommunen og for å ivareta rask og jamn busetting, føreslår IMDi Vest følgjande busettingsplan.

IMDi Vest presenterer og fordeler personar for busetting i kommunen 2-3 gonger i året med høve til å ta opp enkeltsaker undervegs dersom dette vert aktuelt. IMDi fastset kva personar som skal busettast i den enkelte kommune. IMDi Vest vil fordele

dei ulike kategoriane (familiar, einslege, overføringsflyktningar og personar med oppfølgingsbehov) rettferdig på kommunane. Dette vil skje med utgangpunkt i samansetninga av personar i mottak/overføringsflyktningar.

Ta gjerne kontakt med Kaare-Andreas Krog, kak@imdi.no, tlf.90360502, i IMDi Vest dersom de ynskjer meir informasjon om busetting av flyktningar. Dersom de har innspel til den skisserte busettingsplanen, venlegast send dette skriftleg til IMDi Vest innan 24. januar 2013.

Vi ser fram til eit fortsatt godt samarbeid med Meland kommune!

Med venleg helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet


Randi Kleven
Regiondirektør, IMDi Vest


Ragnhild Aasvang
Seniorrådgjevar